



Arkivnr: 2016/11478-2

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		01.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016

Uttale - forslag til endringar i veglova §27 og vegtrafikkloven §7a

Samandrag

Samferdselsdepartementet har i brev frå 28.10.2016 sendt ut forslag til endringar i veglova §27 og vegtrafikkloven §7a på høyring. I regelverket som gjeld i dag er det to ordningar for trafikantbetaling i byar: Bompengeneinnkreving i form av bompengepakkar etter veglova § 27 og vegprising etter vegtrafikkloven §7a. Etter at regelverket om vegprising tredde i kraft i 2011, har Samferdselsdepartementet motteke signal frå byane om at skiljet mellom bompengar og vegprising i praksis er vanskeleg. Ingen byar har innført vegprising etter regelverket i vegtrafikkloven. Departementet foreslår no å samla dagens reglar og praksis for bompengar i byar etter veglova og reglane om vegprising etter vegtrafikkloven § 7a og forskrifta om vegprising i eitt rettsleg grunnlag – i veglova. Høyringsfristen er sett til 9. januar 2017.

Fylkesrådmannen er tilfreds med at det no ligg føre eit forslag til endringar i heimelen for bompengeneinnkreving, som gjer at bompengar også kan nyttast til trafikkregulering gjennom å tidsdifferensiera og å miljødifferensiera takstane.

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har ønske om at bompengeneinntektene frå beredskapstakstane skal kunna nyttast til finansiering av kollektivtransport i den perioden det gjeld. Det har vore noko uklart om veglova heimlar slik bruk. Fylkesrådmannen er derfor nøgd med at det nye tredje leddet i veglova §27 gjev heimel for å fastsetja føresegn om at inntekter frå dei auka takstane kan nyttast til tiltak for å få ned trafikken i perioden det gjeld.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar forslaga i høyringsnotatet om endringar i §27 i veglova og fjerning av §7a i vegtrafikklova. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at det det no vert foreslått å gje heimel for å kunna miljødifferensiere bompengetakstane i byområda og at inntekter frå beredskapstakstane kan nyttast til tiltak for å få ned trafikken i perioden det gjeld.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Offentleg høyring av forslag til endringar i veglova § 27 og vegtrafikkloven §(1)
- 2 Høyringsliste(1)
- 3 Høyringsnotat - Endringar i veglova § 27, vegtrafikkloven § 7a og forskrift til (1)

Fylkesrådmannen, 17.11.2016

Bakgrunn

Samferdselsdepartementet har i brev frå 28.10.2016 sendt ut forslag til endringar i veglova §27 og vegtrafikkloven §7a på høyring. I regelverket som gjeld i dag er det to ordningar for trafikantbetaling i byar: Bompenggeinnkrevjing i form av bompengepakker etter veglova § 27 og vegprising etter vegtrafikkloven § 7a. Etter at regelverket om vegprising tredde i kraft i 2011, har Samferdselsdepartementet motteke signal frå byane om at skiljet mellom bompengar og vegprising i praksis er vanskeleg. Ingen byar har innført vegprising etter regelverket i vegtrafikkloven. Departementet foreslår no å samla dagens reglar og praksis for bompengar i byar etter veglova og reglane om vegprising etter vegtrafikkloven § 7a og forskrifta om vegprising i eitt rettsleg grunnlag – i veglova. Høyringsfristen er sett til 9. januar 2017

Formålet med lovendringa

Hovudmålet med lovforslaget er å få eit fleksibelt system for trafikantbetaling som kan nyttast til å finansiera transporttiltak i byområda, som òg kan nyttast til å regulera trafikken utifrå miljøeigenskapane til køyretøya eller ut i frå tida på døgnet.

Forslag til endringar i §27 i veglova

Bompenggeinnkreving (ordinær og tidsdifferensiert) er heimla i veglova §27 første ledd. I veglova §27 andre ledd er det gjeve ei unntaksføresegn som gjev *byområda* som har bompenggeinnkreving høve til å innføra mellombelse tidsdifferensierte takstar (såkalla beredskapstakstar)¹:

Gjeldande §27 første ledd i veglova:

«Med samtykke frå Stortinget kan departementet fastsette at det skal krevjast bompengar på offentleg veg, fastsette storleiken på avgiftene, og sette vilkår om bestemt bruk av avgiftsmidlane. Bompengane kan nyttast til alle tiltak som denne lova gir heimel for. Dessutan kan dei nyttast til investeringar i faste anlegg og installasjonar for kollektivtrafikk på jernbane, inkludert sporveg og tunnelbane. Som del av ein plan om eit heilskapleg og samordna transportsystem i eit byområde, kan bompengar nyttast til tiltak for drift av kollektivtrafikk.»

Den siste setninga om bompengar til drift av kollektivtrafikk er foreslått flytta til andre ledd. I forslaget til nytt første ledd er det gjort nokre ortografiske endringar. Ny/endra tekst er her streka under:

Framlegg til ny §27 første ledd i veglova:

«Med samtykke frå Stortinget kan departementet fastsetje at det skal krevjast bompengar på offentleg veg, fastsetje storleiken på avgiftene, og setje vilkår om bestemt bruk av avgiftsmidlane. Bompengane kan nyttast til alle tiltak som denne lova gir heimel for. Dessutan kan dei nyttast til investeringar i faste anlegg og installasjonar for kollektivtrafikk på jernbane, inkludert sporveg og tunnelbane.

Gjeldande §27 andre ledd i veglova:

«Departementet kan i forskrift fastsettje mellombelse tidsdifferensierte bompengetakstar til bruk i avgrensa periodar innanfor bompengesystem i byområde når det er fare for og ved overskriding av grenseverdiane for konsentrasjon av forureining i luft utandørs fastsett i forskrift med heimel i forurensningsloven § 9. Bruken av takstane føreset vedtak av kommunen og fylkeskommunen.»

Gjeldande andre ledd er foreslått å bli nytt tredje ledd med nokre små endringar. Tidsdifferensierte er ertstatta med auka og det er presisert at beredskapstakstane kan nyttast i eksisterande bompengesystem, slik det framgår i nytt framlegg til §27 tredje ledd. Inntekter frå beredskapstakstane kan no nyttast til gratis kollektivtrafikk.

Framlegg til ny §27 tredje ledd i veglova:

¹ Sjå FUV sak 269/2016, 16.11.2016:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=8345&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=245748>

«Departementet kan i forskrift fastsetje mellombelse auka bompengetakstar til bruk i avgrensa periodar innanfor eksisterande bompengesystem i byområde når det er fare for og ved overskriding av grenseverdiane for konsentrasjon av forureining i luft utandørs fastsett i forskrift med heimel i forurensningsloven § 9. Bruken av takstane føreset vedtak av kommunen og fylkeskommunen. Departementet kan i forskrifta fastsetje føresegn om at inntekter frå dei auka takstane kan bli brukt til tiltak for å få ned trafikken i perioden det gjeld.

Det er vidare foreslått eit nytt andre ledd i §27:

Framlegg til ny §27 andre ledd i veglova

«Departementet kan fastsetje særskilde ordningar for bompengar i byområde, med takstar som er tilpassa dei særskilde behova i det einskilde området, ut frå omsyn til transportløyisingane i området, bruken av arealet, lokalmiljøet eller andre relevante omsyn. Ut frå behova kan det fastsetjast takstar som påverkar val av reisemiddel, varierer ut frå tida på døgnet, varierer ut frå dei ulike køyretøya sine miljøegenskapar eller liknande. Føresegnene om samtykke, fastsetjing, vilkår og bruk av bompengar etter første ledd gjeld tilsvarande. Som del av ein plan om eit heilskapleg og samordna transportsystem i eit byområde, kan bompengar nyttast til tiltak for drift av kollektivtrafikk.»

Gjeldande tredje ledd (om pantasetjing) blir nytt fjerde ledd.

Gjeldande fjerde ledd (om tilleggsavgift) blir oppheva. Det vert lagt opp til at bompengeselskapa skal gå over til å nytta det ordinære systemet for innkreving av ubetalte krav etter inkassolovgivinga.

Det vert foreslått eit femte ledd i §27:

Framlegg til §27 femte ledd i veglova

«Departementet kan i forskrift fastsetje generelle føresegner om takstar etter første og andre ledd og føresegner om plikta til å betale bompengar.»

Dette femte leddet opnar opp for at føresegner (om takstgrupper og fritaksgrupper for betaling av bompengar, føresegner om rabattsystem, føresegner om endring av takstar, klagehandsaming, mv.) som i dag er retningslinjer, kan fastsetjast som forskrift.

Forslag til endringar i vegtrafikkloven

Gjeldande § 7a i vegtrafikkloven. Vegprising:

«Departementet kan bestemme at det innføres vegprising i et nærmere fastsatt område. Med vegprising menes et trafikkregulerende virkemiddel der trafikantene må betale et beløp for å benytte bestemte deler av vegnettet til bestemte tider.

Nettoinntektene fra vegprising skal fordeles mellom staten og berørte kommuner og fylkeskommuner. Nettoinntektene skal nyttas til transportformål i det berørte området, herunder kollektivtransport, trafikkikkerhetstiltak og miljøtiltak.

Vegprising skal bare innføres når de berørte kommuner og fylkeskommuner gir sin tilslutning til dette. Departementet kan likevel i særlige tilfelle pålegge de berørte kommuner og fylkeskommuner gjennomføring av vegprising.

Departementets vedtak etter paragrafen her krever samtykke fra Stortinget.

Departementet kan gi nærmere forskrifter for å regulere ordningen, herunder om prinsipper for takstfastsettelse, om tilleggsavgift ved unnlatt betaling og om fordelingen av nettoinntektene.»

Departementet foreslår å fjerna heile §7a i vegtrafikkloven. Departementet meiner at forslaget til nytt andre ledd i §27 i veglova, vil gje det same handlingsrommet til å fastsetja fleksible takstar ut i frå behova i dei einiskilde områda som i §7 i forskrifta om køprising².

Teknisk løysingar i AutoPASS

Vegdirektoratet held på med eit arbeid for å leggja til rette for miljødifferensiering i AutoPASS- systemet. Det vil i hovudtrekk bli lagt opp til følgjande klasseinndeling for miljødifferensiering:

- Inndeling tunge køyrety: nullutslepp, ladbar hybrid, Euro VI og "Pre-Euro VI
- Inndeling lette køyrety: nullutslepp, ladbar hybrid, diesel og andre (bensin, gass, etanol, etc.)

Det skal i arbeidet med tekniske endringar bli lagt til rette for at inndelinga kan bli justert seinare, mellom anna i lys av endringar i køyretyparken. Innføringa av takstar skal bli gjennomført på ein slik måte at omsynet til det pågåande arbeidet med anonymitet i AutoPASS blir teken i vare.

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen er tilfreds med at det no ligg føre eit forslag til endringar i heimelen for bompenggeinnkreving, som gjer at bompengar også kan nyttast til trafikkregulering gjennom å tidsdifferensiera og å miljødifferensiera takstane. Tidsdifferensierte bompengar har juridisk sett hatt finansiering som hovudmål, men frå politisk hald har tidsdifferensierte bompengar ofte langt på veg blitt sett på som eit trafikkregulerande verkemiddel, som skal redusera bilbruken og betra luftkvaliteten i byområdet.

Fylkesrådmannen har merka seg at det i framlegget til ny §27 i veglova er lagt opp til at miljødifferensiering og tidsdifferensiering berre *kan* nyttast for bompenggeinnkreving i *byområde*. Ordet «kan» inneber at det framleis er høve til nytta ordinær bompenggeinnkreving i byområda. Men det er ikkje opna opp for miljø- og tidsdifferensiering utanfor *byområda*. I høyringsframlegget er *byområde* definert som eit område i eller i tilknytning til ein eller fleire byar, slik det er definert av byen sjølv eller i avtale mellom fleire byar og eventuelt staten (jf. til dømes arbeidet med bymiljøavtalene). Når AutoPASS systemet vert tilrettelagt for miljødifferensiering, kunne miljødifferensiering i prinsippet vera ein opsjon for alle bompengepakkar og bompengeprojekt. Sidan byområde her er definert nokså fleksibelt, storparten av biltrafikken er i byområda og problema med lokal luftureining er i byområda, vil denne geografiske avgrensinga av lovheimelen likevel stø opp om intensjonen med miljødifferensieringa. Dessutan har styresmaktene andre verkemiddel for å få ned dei globale klimautsleppa frå køyrety generelt. Fylkesrådmannen finn derfor å kunna stø lovformuleringa om *byområde* som ei geografisk avgrensing for miljø- og tidsdifferensierte takstar.

Fylkestinget bad 3. mars 2016 Samferdselsdepartementet, med heimel i veglova § 27, fastsetja forskrift om mellombelse tidsdifferensierte bompengetakstar i Bergen, til bruk på dagar med fare for luftforureining. Forslag til slik forskrift vart handsama i fylkesutvalet 16.november 2016. Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har ønske om at bompenggeinntektene frå beredskapstakstane skal kunna nyttast til finansiering av kollektivtransport i den perioden det gjeld. Det har vore noko uklart om veglova heimlar slik bruk. Fylkesrådmannen er derfor nøgd med at det nye tredje leddet i veglova §27 gjev heimel for at inntekter frå dei auka takstane kan nyttast til tiltak for å få ned trafikken i perioden det gjeld.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å støtta forslaga i høyringsnotatet om endringane i §27 i veglova og fjerning av §7a i vegtrafikklova.

² Sjå §7 her: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-10-25-1044?q=k%C3%B8prising>